

Bergen, 17.06.2021

### **Informasjon om Avdeling for rusmedisin sin bruk av Engen-bygget**

I januar 2021 vedtok Bergen bystyre å selje Håkonsgaten 1 (Engen-bygget) til Helse Bergen HF. Avdeling for rusmedisin vil disponere bygget.

Vi vil i dette skrivet informere kort om kva planar Avdeling for rusmedisin har for bruken av Håkonsgaten 1. I slutten av august vil vi invitere til informasjonsmøte for naboar og andre interesserte.

Avdeling for rusmedisin har i dag ei rekke tilbod om døgnbehandling spreidd over mange ulike lokasjonar, frå Manger i nord til Askøy i vest og Sund i sør. Deler av verksemda held til i leigde bygg som ikkje held tilfredsstillande kvalitet. I løpet av 2021 skal avdelinga gjennomføre ei omorganisering av døgnbehandlingstilbodet.

Gjennom omorganiseringa har vi eit mål om å i større grad kunne samle døgntilboda våre slik at det blir endå sterkare fagmiljø og betre behandling for pasientane.

I Engen-bygget planlegg vi å samle avdelinga sitt tilbod om avrusing og stabilisering etter avrusing. I tillegg er Heroinassistert behandling (HAB), som er eit nytt tilbod frå 2022, planlagt inn i bygget. Også forskingseininga i avdelinga vil halde til i Håkonsgaten 1.

Avdeling for rusmedisin har også tidlegare hatt drift i Engen-bygget, ein LAR-poliklinikk frå 2014 til 2020.

Vi har eit mål om å ta bygget i bruk rundt årsskiftet 2021/2022.

Det vil vere kvalifisert helsepersonell til stades i Engen-bygget døgnet rundt, og ein bemanna resepsjon. Tal på pasientar i bygget vil vi kome tilbake med informasjon om når det er klart.

Vi er opptatt av å ha eit godt samarbeid med naboane i området, og vil i god før innflytting kome med meir informasjon til dei som bur og arbeider i nabolaget. Det vil både bli sendt ut ytterlegare skriftleg informasjon og det vil bli invitert til informasjonsmøte.

### **Om du har spørsmål, er du velkomen til å ta kontakt med oss på**

[afr@helse-bergen.no](mailto:afr@helse-bergen.no)

Merk e-posten med «Engen».

Med venleg helsing

Avdeling for rusmedisin  
ved Eirik Elsaas,  
assisterande avdelingsdirektør

Arealforvaltning  
ved Gro Aarli,  
avdelingssjef